



Anke på løyve Støylen torskeoppdrett etter ureiningslova

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt løyve etter ureiningslova til torskeoppdrett på Støylen til Gadus group. Vi i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda meiner det er feil og at det må gjerast om til avslag. Hovudårsaka til at vi meiner at løyvet må avvisast er oppvekstområde til kysttorsk og andre artar i nærleiken, mangelfull konsekvensutreiing, i tillegg til risiko for genetisk ureining.

Mangelfull konsekvensutreiing

Naturverdiar i området er mangelfult kartlagt. Støylen ligg ved Mek i Kilsfjorden som går over i Kilspollen gjennom straumen på Straumshamn. Området som er omtalt i søknaden frå Gadus gir ikkje godt nok grunnlag for løyvet frå Statsforvaltaren, sidan ein ikkje har teke med fjordarma Kilspollen. I seg sjølv er dette grunn til å avslå søknaden sidan ein her ikkje har gjort konsekvensutgreiing for eit stort sårbart område nært anlegget. Fjordarma er heller ikkje nemnt i vurderinga frå Statsforvaltaren. Ein grunn til at ein ikkje har vurdert fjorden er kanskje mangel på kunnskap om at dette er ein fjord, sidan den er knytt til Kilsfjorden berre gjennom ein smal og særskilt sterk tidevasstraum som kan minne om ei elv.

Skildring av Kilspollen

Sidan det ikkje er dokumentert i underlaget for vedtaka skildrar vi kort: Fjordarma er ein smal, om lag 1 km² stor fjord som startar ved Straumshamn og strekker seg sørover mot Kile. Måling med ekkolodd viser djupn i snitt på omlag 20 meter, med ei stor hole på opptil 40 meters djupn mot nord og dei største områda med grunt vatn på mellom 10-20 meter. Vatnet i fjorden er i hovudsak salt, truleg noko brakt, og periodevis med eit sjikt ferskvatn på toppen avhengig av vassføringa i Kilselva og andre mindre elver. Botnen er mest av grus og mudder, men også ryggar av fjell. Inste delen av fjorden er fiskeforbodssone grunna laks og sjøaure som gyt i elva. Kilspollen er å rekne som ein terskelfjord, men den avgrensa storleiken og høvelege næringstilførselen har ført til stor nok utskifting av vatn og at der er ikkje er teikn til «daud» botn.

Oppvekstområde for kysttorsk m.m. i området

Området ved Støylen har høg biodiversitet. Fjorden er kjend som ein rik lokalitet for ein rekke fiskeartar; der er førekomstar av freda artar som ål og sjøaure, lokale sildestammer og rike førekomstar av småtorsk. Det er kartlagt ålegrasenger ved Bjørneset og Mjeltevika (Artsdatabanken.no). Ålegrasenger er ein viktig naturtype som er heim, gøymestad og matfat for ei rekkje marine artar (Sabima.no). Mengda småtorsk i ålegrasområda indikerer at fjorden er eit gyteområde og oppvekstområde for lokal kysttorsk. Der er frå båt synlege ålegras-førekomstar på grunnene i innløpet ved Straumshamn og frå Mjeltevika og heile vegen på vestsida sørover mot Kile, utbreiinga av desse ålegrasengene i dei teoretisk store områda med brukbare veksttilhøve (ned til 10 meter djupn) har ikkje vore undersøkt. Den smale og kraftige tidvasstraumen gjennom det grunne innløpet til pollen representerer mest truleg eit vern for småfisk i den artsrike



fjorden, sidan berre få predatorar (og fiskebåtar) finn vegen inn. Ifølge straummodellar vil mest truleg mykje ureining førast inn til Kilspollen via sundet ved Straumshamn. Ålegrasengene toler ikkje inngrep som ein torskeoppdrettsindustri. Vi meiner ålegrasengene i området bør få ekstra vern og bør vere ein viktig grunn til at løyvet vert avvist.

Lokale fiskarar kjenner Kilspollen som ein av dei verkeleg rike lokalitetane for småtorsk i Voldsfjorden, og også som gyteområde for kysttorsk. Opplysningar i søknaden frå Gadus der dei hevder det er langt til gyteområde for kysttorsk er difor feilaktige.

Straummodellar (også dei i søknaden frå Gadus) ser ut til å indikere at spesielt mykje ureining raskt vil førast inn til dette området, utan at ein har vurdert konsekvensar av det sidan Kilspollen ikkje er omtala i søknaden. Vurderingar frå Statsforvaltaren er her gjort på sviktande grunnlag, og ein bør krevje at også dette viktige området greiast ut. Straummodellar tilseier at risikoen for at desse kjende gyteområda og leveområda for småtorsk skal eksponerast for ureining er stor. Gadus seier sjølv om straumtilhøva: «Strømsimuleringen viser høyst konsentrasjon rundt lokaliteten og inn i Kilsfjorden, hvor det ikke ligger registrerte gytefelt/ gyteområder for villtorsk». Straumkart viser her at konsentrasjonen av partiklar er like høg ved innløpet til Kilspollen som ved anlegget. Dei omtalar her riktig nok straummodellar for drift av egg/sperma etter gyting, men straummodellane har også relevans for ureining/kjemikaliar/parasittar osb. Den neglisjerte Kilspollen er 1 km² (heile 25%) av den til saman vel 4 km² store Kilsfjordsystemet (frå Bjørneset–Mek og inn til Kile) som her omtalast som spesielt utsett for ureining, og som etter Gadus sin påstand ikkje har gyteområde.

Oppdrett ved Støylen kan såleis gi irreversible effektar på eit sårbart økosystem for kysttorsk på linje med det ein ser i andre terskelfjorlar. Statsforvaltaren sine konklusjonar kan ikkje vere gyldige utan at ein vurderer konsekvensar av oppdrettsanlegget også for Kilspollen. Utan ei utgreiing av om mengda miljøgifter kan påverke fjorden, og om Kilspollen kan (sitat) «omsette det organiske materialet som slippes ut», lyt føre-var prinsippet her vege så sterkt at søknaden avslåast.

Status på vassførekomstar i området

Ifølge forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) skal det ved inngrep i ein vassførekomst normalt ikkje tillatast tiltak som vil redusere den økologiske statusen til området. Vassførekomsten “Voldsfjorden ved Volda” har dårleg kjemisk tilstand og moderat økologisk tilstand (Vannnettportalen). Overgjødsling frå fiskeoppdrett bidreg til auka algevekst, tilgroing, nedslamming av botnen og redusert sikt i vassmassene. Dette fører til auka nedbryting av biologisk materiale som igjen kan gi oksygenmangel. Målet er at vassførekomstar med dårleg tilstand går mot god tilstand, noko eit oppdrettsanlegg ikkje vil bidra til. Vassførekomsten “Voldsfjorden” har svært god tilstand. Støylen ligg i indre del av Voldsfjorden på grunnare vatn, og utskiftig av vatn er ikkje så god som lenger ute i fjorden, der det er djupare. Eit nytt oppdrettsanlegg ved grensa til vassførekomsten «Voldsfjorden» kan bidra til at den økologiske statusen her går frå god til dårleg.



Korallrev

Statsforvaltaren har bedd Gadus om å kartlegge korallar i området og registrere det på artsobservasjoner.no. ROV-undersøking er gjennomført, men funna er ikkje registrert på artsobservasjoner.no. Dei skriv at det er observert kjøttkorallar (*Anthomastus spp.*) nord for lokaliteten, men Statsforvaltaren denne førekomsten er liten. Dersom korallrev i området vert øydelagt tek det tusenvis av år å bygge opp igjen bestanden. Denne naturtypen har svært stor produksjon og er levestad for mange artar, og har ein viktig økologisk funksjon i fjordsystemet. Det kan stillast spørsmål ved at det er oppdrettaren som sjølv leiger inn eksterne firma til å gjere desse undersøkingane. Vi snakkar her om eit klassisk tilfelle av «bukken og havresekken», og dagens ordning for konsekvensutreiingar i miljøspørsmål er overmoden for revidering.

Bruk av best mogleg teknologi

Ureiningslova § 2 seier vidare at det skal brukast best mogleg teknologi som gir best resultat ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold. Det kan stillast spørsmål ved om Gadus nyttar best mogleg teknologi med tanke på den store røminga som var på anlegget deira ved Alida (87 000 torsk rømde).

Betydinga av føre-var-prinsippet

Det er store kunnskapsmanglar om kva effekt matfiskanlegg av torsk har på ulike naturtypar. Dette synleggjer kor viktig føre-var-prinsippet er. Det mangelfulle kunnskapsgrunnlaget i dette tilfellet gjer at eit løyve til Støylen kan påverke sårbare naturtypar i området. Statsforvaltaren seier i sitt svar: «Tilgjengelig kunnskap gir ikke fullstendig svar på hvilke effekter utslipp av næringssalt og organisk stoff kan ha på naturmangfoldet. Vurdering av samlet påvirkning på økosystemet er derfor også noe usikkert. I slike tilfeller skal prinsippet om føre-var vurderes. Statsforvalteren finner ikke grunnlag for å legge vesentlig vekt på dette prinsippet i dette tilfellet. Grunnen til dette er at området er vurdert til å kunne omsette det organiske materialet som slippes ut, og ut fra dagens kunnskap er det liten risiko for alvorlige eller irreversible effekter».

Grunnlaget for å trekke ein slik konklusjon er ikkje til stades på grunn av manglande utgreiing av effekten på Kilspollen. Ein risikerer her til dømes akkumulasjon av næringssalt, groe på ålegras og ikkje levedyktige vekstområde for den trua kysttorsken. Kjemikaliar, egg og sperma, parasittar og kunstig næring vil bli spylt inn straumen, og den rolege tida mellom flo og fjøre vil truleg føre til at partiklar fell ned og akkumulerast i (område av) Kilspollen, som i ei bakevje i ei elv. Ålegraseng er ein sær sars viktig biotop som er utsett for ureining. Tilførsel av kjemikaliar og næring frå til dømes oppdrettsanlegg er kjend å kunne føre til kritiske tilhøve for desse plantene og organismane som høyrer dei til. Viss ålegraset dør er torsken sær utsett.

Genetisk ureining

Ureining er i lova definert som “både tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen, støy og rystelser, lys og bestemte typer stråling og påvirkning av temperaturen, se § 6”. Statsforvaltaren definerer ikkje genetisk påverknad som ureining.



Etter vårt syn bør også fare for genetisk påverknad på kysttorsk vere med i kunnskapsgrunnlaget for å gi løyve.

Både på kort og lang sikt kan dette torskeoppdrettsanlegget gi katastrofale verknader på den ville kysttorsken i området, særleg ved dei problema som torskenæringa har med gyting i merd, og ved eventuell røming, som den som nyleg skjedde ved Gadus sitt anlegg i Alida, litt lenger ute i Voldsfjorden. Ved dette anlegget rømde det 87 000 oppdrettstorsk, der berre 400 vart gjenfanga. Sannsynet for at det vil røme torsk frå Støylen er stor. Fjordsystemet er med andre ord under svært hardt press, og fleire torskeoppdrettsanlegg vil legge ytterlegare stein til denne børa. Dei ureiningsmessige ulempene med endå eit torskeanlegg i fjordsystemet er store, og overskrid dei eventuelle fordelane med sysselsetjing og næringsaktivitet.

Konklusjon

Vi bed om at Statsforvaltaren set "føre-var"-prinsippet høgt i løyvegivinga etter ureiningslova, noko som er eit viktig prinsipp i berekraftig utvikling. Når det er usikker kunnskap i eit fagfelt, bør naturinteressene kome i høgsetet. Vi vil vise til Havforskningsinstituttet sin rapport "Kunnskapsgrunnlag for mulig påvirkning fra oppdrettstorsk og levendelagret torsk på villtorsk". Her kjem det fram at torskeoppdrett er eit område der vi manglar kunnskap og konsekvensane for ein hardt pressa kysttorsk er svært usikker. Inntil det kjem ny kunnskap om kva påverknad torskeoppdrett kan ha på ville torskestammer inkludert gyte- og oppvekstområde, anbefalar vi at indre fjordområde får vern mot oppdrettstorsk og at løyvet til Gadus på Støylen vert avvist.

Vennleg helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Kjelder:

<https://www.sabima.no/alegraseng/>

<https://artskart.artsdatabanken.no/app/#map/41474,6913482/10/background/greyMap/filter/%7B%22TaxonIds%22%3A%5B59347%5D%2C%22IncludeSubTaxonIds%22%3Atrue%2C%22Found%22%3A%5B2%5D%2C%22NotRecovered%22%3A%5B2%5D%2C%22Style%22%3A1%7D>

<https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22>

<https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0301010700-6-C>

<https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0301010700-5-C>